

STATNETT SF
Postboks 4904 Nydalen
0423 OSLO

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

Dato	23.02.2024
Vår referanse	2022/50962-24
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Heidi Joki
E-post	Heidi.Joki@vlfk.no
Telefon	

**Mellombels kulturminnefagleg uttale - Ber om dialogmøte -
Konsesjonssøknad - Ny Øygarden transformatorstasjon - Øygarden
kommune**

Vestland fylkeskommune viser til Saksprotokoll frå fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune, 28.-29.11.23, utvalssaksnummer PS 258/23, vedtakspunkt 2. Viser og til vårt høyningsfråsegn til same møte, vårt saksnr. 2022/50962-15. I etterkant av møtet i fylkesutvalet vart saka oversendt til Riksantikvaren for sjølvstendig vurdering, i samsvar med underretningsplikta i Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 7-3. Riksantikvaren vel å ikkje overta mynde i saka, jamfør deira brev av 16.02.2024.

Oppfølging av politisk handsaming av konsesjonssøknad

Viser til vedtakspunkt 2 i PS 258/23:

«For å unngå konflikt med freda kulturminne ber Vestland fylkeskommune om at ein går i dialog for å sjå på moglegheit for å endre traseen for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset endrast til å ligge parallelt med eksisterande luftleidningar i sør, og detaljplan må konkret skildre korleis eksisterande straumkabler Lindås-Kollsnes og Little Sotra-Kolsnes skal rivast. Fylkesutvalet vel å ikkje fremje motsegn, då vi ikkje vurderer tiltaket å vere i direkte konflikt med kulturminne.»

Regional kulturmiljømynde deltok på Statnett si synfaring i tiltaksområdet med Riksantikvaren den 15.01.2024. Statnett orienterte då om gassrør under bakken som gjer at planlagd kraftleidning i luft ikkje kan krysse gassrøyet og må plasserast i god avstand frå dette. I vår administrative motsegn skrev vi mellom anna: «Motsegna blir trekt når traseen for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset blir endra til å ligge parallelt med eksisterande luftleidningar i sør, og plasseringa av leidninga og mastepunkt blir vurdert av avdelingsdirektør for kultur og folkehelse til å ha minst mogeleg innverknad på dei automatisk freda kulturminna i området.» Etter å ha fått dei nye opplysningane ser vi at kraftleidninga må gå på nordsida av gassrøyleidninga, og ikkje kan ligge parallelt med eksisterande leidningar i sør. Det er likevel behov for dialog om plassering av kraftleidning og mastepunkt, for å kunne redusere innverknaden av tiltaka på dei automatisk freda kulturminna i området.

Vi legg vidare til grunn at detaljplanen skildrar korleis eksisterande straumkabler skal rivast, og at dette vert gjort på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i automatisk freda kulturminne id. 299224, 299227 og 94874, jamfør motsegnspunkt.

Dispensasjon etter kulturminnelova

Om det ikkje er mogeleg å justere kraftleidning ut frå omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkast dispensasjon frå kulturminnelova. Regional kulturmiljømynde gjer merksam på at plassering av kraftlinjetrase jamfør konsesjonssøknad er i strid med kulturminnelova, og vil krevje dispensasjon for oppføring, jamfør kulturminnelova §§ 3 og 8.

Oppfølgingsmøte

Vestland fylkeskommune ved regional kulturmiljømynde, oppmodar Statnett om å gå i dialog for oppfølging av vedtakspunkt 2.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

David J. Sandved
seksjonssjef
KFO - Kulturarv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll FUV Øygarden transformatorstasjon
- 2 Saksframlegg Høyringssuttale til konsesjonssøknad om å bygge Øygarden transformatorstasjon

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091
Majorstua

0301 OSLO